

Fellesmøte Sykkylven sokneråd og Ikornnes sokneråd

Fellesmøte med Sykkylven sokneråd og Ikornnes sokneråd 3. okt. 2017

Stad: Sykkylven kyrkje, kl. 19.00

Til stades: Erlend Lunde, Simen Elias Nordbrønn Myklebust, Trygve Ebbesvik, Per Gunnar Ulla, Ina Grøvik, Irene Høybakk, Anne Rita Kvistad, May Lisbeth Hovlid Aurdal, Liv Hole, Per Bjørnar Tynes, Janne Svindseth, Marit Helen Akslen og Knut Henning Aursnes.

Elin Hellebostad Våtmyr, Monica Breivik Orre og Bjørg Djupvik Grebstad hadde meldt i frå at dei ikkje kunne kome.

I tillegg møtte kyrkjeverje Arild Sporsheim.

Møtet vart opna med pizza og ein film til ettertanke om «Kva er eigentleg det viktigaste i livet?»

Deretter gjekk sokneråda over til handsaming av sakene på saklista.

F-sak 9/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste vart einstemmig godkjent.

F-sak 10/17 Godkjenning av referat frå felles møte 13.06.17

Vedtak: Referatet vart einstemmig godkjent.


F-sak 11/17 Vidareføring av strategisamlinga på Ikornnes den 07.09.17

Arbeidsgruppa; May Lisbeth, Trygve og Simen, hadde utarbeida eit notat der dei meir konkret tok vidare tankane som kom fram under strategisamlinga på Ikornnes. Simen innleia med å gå gjennom notatet. Ordet var deretter fritt, og sokneråda diskuterte deretter vidareføringa av strategiarbeidet.

Eit av synspunkta var at metaforen/slagordet «ein god heim», ikkje var det rette. Andre meinte det var bra, men at det mangla ei tilknyting mot Gud, Guds hus eller Jesus.

Medlemmane delte seg i grupper og diskuterte kvart sitt valte tema frå notatet til arbeidsgruppa. Deretter vart dei konkrete tankane frå kvar gruppe om kvart sitt tema lagt fram i plenum for sokneråda.

Vedtak: Sokneråda ber arbeidsgruppa ta med seg innspela frå sokneråda og arbeide vidare med saka til neste felles soknerådsmøte.



Fellesmøte Sykkylven sokneråd og Ikornnes sokneråd

F-sak 12/17 Presteresurs

Kyrkjeverjen hadde på førehand av møtet lagt fram saksframlegg om kompensererande tiltak mot redusert presteressurs. Kyrkjeverjen gjekk kort gjennom saksframlegget, og sokneråda kom med innspel og diskuterte saka. Mellom anna vart det diskutert moglege løysingar på finansiering av frikjøp av foreslått reduksjon på 0,2 årsverk av presteressursen.

Vedtak: Som mottiltak til melding om redusert presteteneste i Sykkylven og Ikornnes skal det arbeidast fram ei frikjøpsordning med Møre bispedømeråd. Dette med mål om å sikre at det i Sykkylven og Ikornnes sokn vert 2,0 årsverk fordelt på dei to prestane vi har.

F-sak 13/17 Beredskap

Sykkylven Kyrkje vart opna i samband med eit uventa dødsfall. Sokneråda diskuterte korleis ein best kan nytte erfaringane ein fekk vidare, mellom anna kva vilkår ein skal legge til grunn for å opne kyrkja og om ein skal utarbeide ein enkel plan, sjekkliste og rutinar.

Vedtak: Ei gruppe samansett av Monica Breivik Orre, Erlend Lunde og Trygve Ebbesvik legg fram til neste felles soknerådsmøte:

- 1) Når skal ein invitere til open kyrkje
- 2) Kva skal ei open kyrkje innehalde
- 3) Retningslinjer

F-sak 14/17 Utleigesatsar konsert

Kyrkjeverjen orienterte om at det den siste tida har vore meir vanleg at arrangørane forhandlar om vilkåra for leige av kyrkja som konsertlokale. Det har kome tilbakemeldingar på at kyrkja i einskilde høve prisar seg ut. Med bakgrunn i dette er det ønskjeleg med ei mindre ufråvikeleg prisfastsetjing.

Vedtak: Soknerådet vedtok med 7 mot 5 stemmer at Kyrkjeverjen, i samråd med kantor og soknerådsleiaren, får løyve til å fråvike frå satsen om 15 % av billettinntektene i samband med utleige av kyrkjene til konsertar med ekstern/utanbygds arrangør, ved spesielle høve.

Eventuelt:

Nytt felles møte med begge sokneråda vert 12.12.2017 kl. 19.00

Det var ingen andre saker til handsaming.

Referent: Knut Henning Aursnes